

**NOTAT****Vedlegg nr. 3**

Til: Styringsgruppa
Fra: Statens vegvesen v/Transport vest
Kopi: [Fyll inn]

Saksbehandler/telefon:
Kristian Bauge / 404 54 004
Vår dato: 20.05.2025

Sak 43/25: Byutgreiinga 2025 for Bergensområdet Milepål 3: Foreløpige resultat

Bakgrunn for saka

Byutgreiinga er eit kunnskapsgrunnlag som skal vise korleis ulike tiltak bidreg til å oppnå nullvekstmålet. Byutgreiingane skal ikkje gi ei tilrådd løysing, men vise ulike måtar å nå nullvekst på. Endeleg kombinasjon av tiltak og verkemiddel blir vedteken av partane i fellesskap gjennom reforhandlinga av byvekstavtalane som Samferdselsdepartementet inviterer til.

I denne saka vil det bli orientert om dei analyseresultata som ligg føre per no frå modellberekingane for byutgreiinga for Bergensområdet (milepål 3). Dette er i tråd med mandatet for Bytredning Bergensområdet 2025, der det blir føresett at både styringsgruppa og administrativ gruppe blir informert og involvert underveis i utgreiingsarbeidet.

Resultata er baserte på føringar i retningslinjene for byutgreiingane, og vidare arbeid i etterkant av at samansetninga av arealbruksalternativ (milepål 1) og verkemiddelpakkar (milepål 2) vart behandla av styringsgruppa i februar 2025. Det er føresett at utkast til sluttrapport for byutgreiinga blir behandla i møte i styringsgruppa i september (milepål 4). Deretter blir rapporten send på lokal høyring til byvekstpartane, før den blir send Samferdselsdepartementet i desember 2025 saman med ein samlerapport for alle dei fire byområda. Høyringsmerknadene blir samanfatta og formidla til Samferdselsdepartementet etter lokal høyring.

Det blir analysert fire verkemiddelpakkar som er sette saman av enkeltverkemiddel som trafikantbetaling/bompengar, transportinfrastruktur, kollektivtransport, parkering og arealbruk som beskrive i samband med milepål 1 og 2. Verkemiddelpakkane har ulik hovudprofil for å kunne vise handlingsrommet og alternative måtar å oppnå nullvekstmålet på:

Verkemiddelpakke 1:
Kollektiv/sykkel/gange

Verkemiddelpakke 2:
Bilregulerande tiltak

Verkemiddelpakke 3:
Kombinasjon av pakke 1 og 2

Verkemiddelpakke 4:
Fortetting i
kombinasjon med
pakke 3


Rekna trafikkutvikling i Bergensområdet

Byindeksen for Bergensområdet viser tilnærma nullvekst i trafikken fra 2018 (referanseår byvekstavtalen) til og med 2023. I byutgreiinga blir 1. januar 2024 nytta som referansetidspunkt i analysane, og berekna trafikkarbeid for personbilar i Bergensområdet samla i 2024 utgjer dermed nivået for «nullvekst». Det blir føresett at alle verkemiddelpakkane oppnår nullvekst i analyseåra 2036 og 2050, og pakkane skal samanliknast med eit referansealternativ basert på allereie vedtekne tiltak og porteføljen av store prosjekt på bane og veg frå NTP 2025-36 (referanse Null+).

Førebelte berekningar for referanse Null+ viser at Bergensområdet samla ligg an til å få ein vekst i personbiltrafikken på ca. 8 prosent i år 2036 og ca. 18 prosent i 2050 samanlikna med referanseåret 2024 (jf. figuren under). Alle verkemiddelpakkane skal setjast saman av tiltak som reduserer denne veksten til null både for år 2036 og 2050.


Statistisk sentralbyrå framskriv befolkningsveksten i Bergensområdet til å bli ca. 11 prosent i perioden 2019-36 og ca. 15 prosent i perioden 2019-50. Forventa vekst i personbiltrafikken ligg noko lågare enn befolkningsveksten i 2036 og noko over befolkningsveksten i 2050 samla for Bergensområdet.

Trafikk- og befolkningsutvikling i Bergensområdet




Det er likevel store forskjellar mellom kommunane. Bjørnafjorden og Øygarden er venta å ha sterke prosentvis folketalsvekst enn Bergen i analyseåra. Dei to kommunane peikar seg òg ut med sterk vekst i trafikkarbeidet måla med køyretøykilometer i 2050. Den sterke veksten i trafikkarbeid i 2050 i dei to kommunane heng truleg saman med at E39 Svegatjørn–Rådal og rv. 555 Sotrasambandet er venta nedbetalt i 2050 som gjer det meir attraktivt å busette seg lengre frå bysentrum og som bidreg til lengre reiser.

Kommunevis trafikk- og befolkningsutvikling



Ein skal likevel hugse på å skilje mellom prosentvis vekst og vekst i reelle tal. Om lag tre fire delar av trafikkarbeidet i transportmodellen i Bergensområdet skjer innanfor grensene til Bergen kommune i 2023. Det er følgjeleg i Bergen kommune ein bør konsentrere verkemiddelbruken.



Verkemiddelpakkar og enkeltverkemiddel

Det har vore avgrensa tid til å detaljere innhaldet i verkemiddelpakkane og kode desse inn i modellane fram mot milepål 3. Det er difor avgrensa kor mange berekningar og analyseresultat som er ferdigstilt og har god nok kvalitet til å bli presentert for byvekstsamarbeidet per no. I møtet blir hovudfunna for nokre enkeltverkemiddel som inngår i pakkane, og dessutan hovudfunn for verkemiddelpakkane 1 og 2 så langt analysane har komme presentert. For verkemiddelpakkane 3 og 4 vil resultat først ligge føre på eit seinare tidspunkt.

Forslag til konklusjon: Saka blir teke til orientering, med innspel i møtet.